

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JURN. NR.	ARKIV NR.
2019-08	Interimsstyret for samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseinigane i fylket	25.1.2019		
2019-01	SF revisjon IKS - Styremøte	1.2.2019		
2019-1	SF revisjoni IKS – Møte i Representantskapet	21.2.2019		
	Kontrollutvalet i ... kommune			
	... kommunestyre eller Fellesnemnda i ..			

*Sakshandsamar: Marianne Vara*

## **SAMARBEIDSAVTALE FOR 16 KOMMUNAR, TILRÅDING OVERFOR DELTAKARANE ➤ STIFTING AV VESTLAND REVISJON KOMMUNALE OPPGÅVEFELLESSKAP**

### **Presentasjon:**

Saka gjeld samanslåing av dagens tre interkommunale revisjonseiningar i Sogn og Fjordane til ei ny eining; - Kommunerevisjonen i Nordfjord, Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, og Sogn og Fjordane revisjon IKS.

### **Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:**

Lov om kommuner og fylkeskommuner (1993, med seinare endringar), Kapittel 12. Internt tilsyn og kontroll. Revisjon. Ny kommunelov, Kap. 19 (Kommunalt oppgåvefellesskap) og Kap 25 (Revisjon).

### **Vedlagt sakstilfang:**

- Samarbeidsavtale for Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap
- Budsjettprognose 2020 med pårekna honorarstorleikar for kommunane, og stillingsplan

### **Tilråding til vedtak:**

1. .... komune vil delta i etableringa av Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap saman med 15 andre kommunar frå 01.01.2020, slik det går fram av samarbeidsavtala.
2. Kommunen er samd i at dagens interkommunale revisjonssamarbeid blir avvikla frå og med 31.12.2019, men slik at årsrekneskapane for driftsåret 2019 blir revidert.
3. Framlegg til samarbeidsavtale vert godkjend slik den ligg føre.
4. Ved etableringa vert budsjett for 2020 basert på dei vedtekne årsbudsjetta for 2019 for dagens tre revisjonseiningar, med sterkt fokus på rasjonalisering, effektivisering og naturlege avgangar i ei omstillingsperiode.
5. Representantskapet evaluerer drifta og m.a. fordelingsnøkkelen innafor ei omstillingsperiode på 4 år.
6. Interimsstyret har fullmakt til å planlegge og gjennomføre samarbeidsdanninga i samsvar med kommunestyra sine vedtak. Dette inneber:
  - Gjennomføring av drøftingar med fagorganisasjonane/dei tilsette i samsvar med avtaleverket.
  - Tilsetting av personale i tråd med Arbeidsmiljølova sine bestemmelser om verksemどoverdragning (AML Kap. 16). Eventuell ekstern utlysing om det vert nødvendig.
  - Gjere andre vedtak/disposisjonar som er nødvendig for å kunne stifte oppgåvefellesskapet slik at dette er etablert og operativt frå 01.01.2020.
7. Det nye kommunestyret i deltakarkommunane føreteker val av 1 representant og 1 vara-representant til representantskapet på første/konstituerande møte etter kommunevalet hausten 2019. Lova sin frist for dette er innan 01.11.2019
8. Det er ein føresetnad at alle 12 kommunane og dei 4 fellesnemndene (der det er kommunesamanslåingar) gjer likelydande vedtak.

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JURN. NR.	ARKIV NR.
2019-08	Interimsstyret for samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseinigane i fylket	25.1.2019		
2019-01	SF revisjon IKS - Styremøte	1.2.2019		
2019-1	SF revisjon IKS – Møte i Representantskapet	21.2.2019		
	Kontrollutvalet i ... kommune			
	... kommunestyre eller Fellesnemnda i ..			

*Sakshandsamar: Marianne Vara*

- 9. Den nye eininga vert registrert i Brønnøysundregistera straks etter at vedtaka frå kommunestyra/fellesnemndene og formalia kring ein stiftingsprotokoll frå skipingsmøtet ligg føre.**

#### **Saksopplysningar:**

I 2014 – 2015 vedtok Stortinget kommunereforma med drøfting av nye oppgåver og større kommunar. Endringar i kommune- og fylkesstruktur har stor betydning for selskapas rammeføresetnad, både i forhold til eigarstruktur og økonomi. Ein viktig faktor for å vurdere samanslåing av dei tre selskapa er prosessane og vedtaka om samanslåing av kommunane i fylket vårt og samanslåing av dei to fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland.

Representantskapa/styra i dei tre revisjoneinigane handsama saka i møte vinteren 2016-2017 der det vart valt ei styringsgruppe som skulle vurdere samanslåing av dagens tre revisjoneinigane i fylket. På bakgrunn av mandatet vart det utarbeidd ein eigen rapport som var til handsaming i eigarorgana hausten 2017. Eigarorgana handsama saka hausten 2017/våren 2018 og oversende sak til sine deltakar-/eigarkommunar og fylkeskommunen med likelydande saksutgreiing og tilråding til vedtak. Saka har vore til handsaming i kommunestyra/bystyra og Fylkestinget i Sogn og Fjordane (eigarane).

Dei fleste eigarane slutta seg til ordlyden i tilrådingane som låg føre, men ein skilde kommunestyre og representantskapet i SF revisjon ønska vurdering av ei organisasjonsform etter Lov om interkommunale selskap (IKS). Tilrådinga frå styringsgruppa var å organisere eit «§ 27-samarbeid» (kommunelova). Samstyra i Nordfjord og KRYSS Revisjon tilrådde det som låg føre frå styringsgruppa. Eit par kommunar la til premissar om innsparinger og rasjonaliserings- og effektiviseringsgevinstar ved ei samanslåing. Alle kommunane la inn i sitt vedtak at ein skulle arbeide vidare med ei samanslåing og at det skulle velgast eit interimsstyre med mandat å stifte og etablere ei ny revisjonseining

Eigarorgana valde kvar sine to representantar og ein vararepresentant til interimsstyret. Interimsstyret vart konstituert i møte den 08.06.18.

På bakgrunn av dei vedtak som låg føre frå alle kommunane gjorde interimsstyret vedtak i sak 12/2018, om at den nye eininga skal etablerast etter kommunelova sine bestemmelser om interkommunalt samarbeid (dagens kommunelov § 27, ny kommunelov § 19-1, kommunalt oppgåvefellesskap). Interimsstyret knytta til seg ekstern bistand (advokat i KS Bedrift/KS-Advokatane) med innsikt i Otprop., NOU'n og lovteksten/forarbeida til ny kommunelov. Dette var ei føremun i det arbeidet som har vore kring utarbeiding av tilrådinga til samarbeidsavtale som no ligg føre.

I tråd med føringar som låg føre i vedtaka frå eigarane, har interimsstyret tilrådd at etableringa skal byggje vidare på dagens organisasjonsstruktur. Dette betyr at dagens desentraliserte kontorstruktur skal vidareførast med nærleik til kommunane. Interimsstyret har gjort vedtak om at forretningsadressa og hovudkontoret skal vere i Førde. Interimsstyret har også gjort

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JURN. NR.	ARKIV NR.
2019-08	Interimsstyret for samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseinigane i fylket	25.1.2019		
2019-01	SF revisjon IKS - Styremøte	1.2.2019		
2019-1	SF revisjon IKS – Møte i Representantskapet	21.2.2019		
	Kontrollutvalet i ... kommune			
	... kommunestyre eller Fellesnemnda i ..			

*Sakshandsamar: Marianne Vara*

vedtak om namnet på den nye interkommunale eininga; Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap (*Vestland Revisjon KO*). Det er eit lovkrav i ny kommunelov at orda *kommunalt oppgåvefellesskap* skal vere med i namnet.

Styringsgruppa som var i arbeid frå hausten 2016 og fram til 15.09.2017 oversende eigen utgreiingsrapport om samanslåinga. I si sak kom dei med følgjande tilråding, som eigarorgana i dagens tre einingar i all hovudsak slutta seg til:

1. *Kommunen ser positivt på at dei tre revisjoneinigane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjoneinigane i Sogn og Fjordane, datert 15.9.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga*
2. *Kvar av dei tre selskapa vel 2 representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.*
3. *Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit § 27-samarbeid, utan eigenkapitalinnskot, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette vert dagens tre revisjoneininger avvikla innan. 31.12.2018.*
4. *Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med Kap. 16 i Arbeidsmiljølova om verksemforderingar slik at dei tilsette sikrast sine stillingar i den nye revisjonseininga.*
5. *Dette vedtaket er gjort med etterhald om at dei andre kommunale eigarane i revisjonseininga gjer tilsvarende vedtak.*

Av tidsmessige og praktiske årsaker endra interimsstyret den 24.09.2018 samanslåingsdatoen frå 01.01.2019 til 01.01.2020 (samanfallande med kommunereforma).

Ein tilsettrepresentant frå kvar av dagens tre revisjoneininger var med i møta i styringsgruppa og er no med i møta i interimsstyret. Alle tilsette er orienterte langs med i arbeidet. Det er lagt opp til verksemfordering i samsvar med arbeidsmiljølova kap. 16.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune blir frå 01.01.2020 slått saman med Hordaland Fylkeskommune til Vestland Fylke. Fellesnemnda der har gjort vedtak om å privatisere dei fylkeskommunale revisjonsstenestene både for finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon. Hornindal kommune er vedteken samansleger med Volda. Dette betyr at både fylkeskommunen og Hornindal kommune ikkje blir å finne i oppdragsportefølgjen til den nye revisjonseininga.

Alle tre einingane har i dag KLP som sin pensjonsleverandør. Dagens pensjonsplikter vil bli overteke og vidareført i det nye selskapet. Fylkeskommunen og Hornindal vil måtte gjøre opp sine andelar av pensjonspliktene i høvesvis SF revisjon IKS og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Pensjonspliktene må gjerast opp ut frå KLP sin aktuarbereking pr. 31.12.2019.

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JURN. NR.	ARKIV NR.
2019-08	Interimsstyret for samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseinigane i fylket	25.1.2019		
2019-01	SF revisjon IKS - Styremøte	1.2.2019		
2019-1	SF revisjon IKS – Møte i Representantskapet	21.2.2019		
	Kontrollutvalet i ... kommune			
	... kommunestyre eller Fellesnemnda i ..			

*Sakshandsamar: Marianne Vara*

På grunn av kommunesamanslåingane som er vedtekne frå 01.01.2020, vil det vere 16 kommunar som vert med i ny revisjonseining frå 01.01.2020. Viser til vedlagte samarbeidsavtale.

Når det gjeld representantskapet er det lagt opp til at det skal vere ein representant frå kvar av deltakarkommunane. Samarbeidsavtala legg opp til at kommunar med innbyggjartal mindre enn 5000 innbyggjarar skal ha 1 stemme, kommunar med innbyggjartal mellom 5000 og 10000 skal ha 2 stemmer og kommunar med innbyggjartal over 10 000 skal ha 3 stemmer.

**På samanslåingstidspunktet vil det vere slik:**

Kommunar	Vektning	Sum	
		stemmer	Relasjon i %
8	1	8	30 %
5	2	10	37 %
3	3	9	33 %

Innsparingstiltak skal ha høg prioritet frå etableringstidspunktet for den nye eininga. Det hefter ein del usikkerheit kring mogleg rasjonalisering og effektivisering med omsyn til vedlagte utkast til budsjett 2020, men det vil bli ytterlegare innsparinger framover gjennom naturlege avgangar dei nærmaste åra, innanfor omstettingsperioden. Det er lagt opp til at alle kommunane blir med slik det går fram av samarbeidsavtala og at kommunen nyttar den nye eininga til sine lovpålagde revisjonstenester.

I selskapsavtalen tilrår interimsstyret slik fordelingsnøkkelen; 20% fordelast likt på kommunane, 20% fordelast etter folketal og 60 % fordelast etter medgått tid. Det er føreslege at alle andre revisjonsoppdrag som einingane i dag har i sine oppdragsporteføljar (kommunale føretak, særbedrifter, interkommunale selskap/samarbeid, stiftingar, legat, fellesråd, sokn, m.v.) blir med over i ny revisjonseining. Dette vil interimsstyret søkje å få på plass rimeleg raskt etter at kommunane har slutta seg til den samarbeidsavtale som ligg føre.

Det er teke utgangspunkt i årsbudsjettet for dagens tre einingar for 2019 og hensynteke fordelingsnøkkelen, jf. vedlagte samarbeidsavtale. Med vising til kommunesamanslåingane gjeldande frå 01.01.2020 vil det hefte noko usikkerheit kring arbeidsomfanget til dei nye kommunane for dei første driftsåra. Vi kjenner heller ikkje til omfanget av dei nye revisjonsoppgåvene som er lovfesta i ny kommunelov (etterlevelserevisjon, halvårsrapportering, konsoliderte rekneskap, m.m.). Totalt sett er det lagt opp til innsparinger, i større eller mindre grad for alle kommunane; jf. vedlagte rekneark over pårekna honorarstorleikar for 2020.

I samarbeidsavtala er det ikkje lagt opp til krav om eigenkapitalinnskot. Årlag honorar frå kommunane blir fastsett i kvart årsbudsjett og innbetalast til revisjonseininga forskotsvis pr. kvartal.

**Det vil bli inngått eigen avtale med dei åtte kommunane som er involvert i kommunesamanslåingane vedr. avslutning av årsrekneskapen 2019. Revisjonen vil kome med eit økonomisk overslag over forventa tidsbruk og kostnadene slik at kommunane det gjeld, kan avsetje midlar til dette i årsrekneskapen for 2019. Det kan vere greitt å ta ein dialog med fellesnemndene/ny kommune om korleis dette skal løysast. Desse kostnadane er ikkje teke med i finansierings-modellen for den nye revisjonseininga. Dette kan medføre spørsmål om ekstra ressursar i første halvår 2020.**